



Arkivsaknr: 2024/11554-1  
Sakshandsamar: Kristin Moe  
Avdeling: Oppvekst

## SAKSFRAMLEGG

Leirskuleavtale Dyrkolbotn leirskule og Alver kommune

| Utvalssak | Utval             | Møtedato |
|-----------|-------------------|----------|
|           | Utval for levekår |          |
|           | Formannskapet     |          |
|           | Kommunestyret     |          |

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune held fram med anskaffingsprosess i høve til leirskuleopphald, med målsetjing om å inngå kontrakt om leirskuleopphald gjeldande frå august 2026.

Alver kommune seier opp samarbeidsavtale om leirskule mellom Dyrkolbotn Fjellstove og Lindås kommune med verknad frå 31.07.25.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for levekår

Saka skal til innstilling i utval for formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Alver kommune skal gjennomføre ein anskaffingsprosess i høve framtidig gjennomføring av leirskuleopphald. I samband med dette er det behov for å avslutte gjeldande samarbeidsavtale frå 2011 mellom Dyrkolbotn Fjellstove og Lindås kommune.

## Saksopplysningar

### Bakgrunn

Det føl av opplæringslova § 4-6 *Skoletur med overnatting* at kommunar, som ein del av grunnskuleopplæringa, pliktar å tilby elevane leirskuleopphald eller annan skuletur med minst tre overnattingar i samanheng. Med bakgrunn i dette kjøper kommunen leirskuleopphald jamleg.

Alver kommune har vurdert om det er behov for å gjennomføre ein anskaffingsprosess i samband med gjennomføring av leirskuleopphald i grunnskulen, og har konkludert med at det er behov for å konkurranseutsetje kjøpet.

I anbodsprosessen ønskjer Alver kommune å opne opp for at kommunen kan etablere rammeavtale om leirskuleopphald med fleire tilbydarar.

Alver kommune lyste ut ein anbodskonkurranse hausten 2023, men avlyste denne seinare grunna innhald i eksisterande samarbeidsavtale, som gir Dyrkolbotn leirskule eit årleg tilskot på 60 000 kr. Tildeling av dette tilskotet ville føre til at det ikkje vart ein konkurranse på like vilkår.

Eksisterande samarbeidsavtale om leirskule mellom Dyrkolbotn Fjellstove og Lindås kommune har ei oppseiingstid på seks månader.

### Sakshistorikk

Det vart i mars 2011 inngått ein samarbeidsavtale om leirskule mellom Lindås kommune og Dyrkolbotn Fjellstove og avtalen er ikkje avslutta.

Administrasjonen vurderer at innhaldet i eksisterande samarbeidsavtale er utdatert og at kommunen i denne avtalen har tatt på seg oppgåver som skal liggje til leirskulen å utføre. Det har vore fleire møtepunkt mellom Dyrkolbotn Fjellstove og Alver kommune, der dette har vore tema. Fjellstova og kommunen har ulike synspunkt i saka.

Eit sentralt punkt der administrasjonen og Dyrkolbotn Fjellstove har ulik forståing er knytt til Opplæringslova § 17-10 *Personalet ved leirskolar*. Av bestemminga går det fram at undervisningspersonell ved leirskular med fast pedagogisk bemanning, skal vere tilsett i den kommunen der leirskulen ligg.

Kva som er fast pedagogisk bemanning er ikkje definert i lova, og Alver kommune har lagt til grunn at fast pedagogisk bemanning er definert som tilsette som har eit fast tilsetjingsforhold ved leirskulen (løpande og tidsubegrensa) frå år til år, i samsvar med bestemmingane i arbeidsmiljølova.

Arbeidsmiljølova § 14-9 seier følgjande om fast og midlertidig ansettelse, definisjon av fast tilsetjing til grunn: «*Arbeidstaker skal ansettes fast. Med fast ansettelse menes i denne lov at ansettelsen er løpende og tidsubegrenset, at lovens regler om opphør av arbeidsforhold gjelder, og at arbeidstaker sikres forutsigbarhet i form av reelt stillingsomfang*».

Alver kommune har hatt kontakt med Utdanningsdirektoratet og Statsforvaltaren i Vestland i høve til forståing av fast pedagogisk bemanning, som har stadfesta same forståing som administrasjonen. Begge desse uttalane følgjer ved saka.

Dagens samarbeidsavtale inneheld eit tilskot frå kommunen på kr 60 000 for tilrettelegging og gjennomføring av leirskuledrift. Eit slikt tilskot vil kunne strida mot dei lovfesta prinsippa om konkurranse og likebehandling av leverandørar i anskaffingsregelverket.

Videre eksisterer ikkje Lindås kommune lenger som rettssubjekt og det er både ryddig og riktig å avvike ein samarbeidsavtale med Lindås kommune.

Det vart orientert om saka til Formannskapet i mars 2024. Notat følgjer ved saka.

#### Behov

##### Vurderingsgrunnlag

Innkjøpsavdelinga i Alver kommune har hatt ansvar for å gjennomføre prosessen, og har hatt tett samarbeid både med kommuneadvokatkontoret og administrasjonen i denne saka.

For å vurdere innspel frå Dyrkolbotn Fjellstove er det henta inn uttale frå ekstern ekspertise i høve til krav til å gjennomføre ein anskaffingsprosess og forståing av fast pedagogisk bemanning ved leirskule.

Innspela frå Dyrkolbotn fjellstove er grundig vurdert, utan at dette har ført til at kommunen har endra standpunkt i høve til behov for å gjennomføre anskaffingsprosessen.

#### Partar

I denne saka er Alver kommune og Dyrkolbotn Fjellstove å rekne som partar i saka.

#### Vurdering

Det føl av anskaffingsforskrifta § 5-4 at dersom oppdragsgivaren består av fleire separate driftseiningar, skal den samla berekna verdien for alle driftseiningane leggjast til grunn for berekninga. Dette gjeld likevel ikkje når ei driftseining sjølv er ansvarleg for sine kjøp eller visse kategoriar kjøp. Innkjøp av leirskuleopphald er ikkje fullt ut delegert til skulane.

Sentraladministrative ressursar i Alver kommune gir støtte til skulane i samband med utarbeiding av rutinar for leirskuleopphald og ved spørsmål om innkjøp. Kommunen meiner det er totalen for alle skulane som må leggjast til grunn. Behova til skulane er samanfallande og det ligg ikkje føre særskilde behov som tilseier at kommunen bør delegere desse innkjøpa til kvar enkelt skule. Ei slik delegering ville medføre betydeleg administrativt meirarbeid i samband med gjennomføring av konkurranse og oppfølging av avtale.

Kommunen må leggje til grunn den totale verdien av alle skulane sine leirskuleopphald over fire år, ved berekning av stipulert verdi av anskaffinga. For Alver kommune utgjør dette over 2,2 mill. kr. og kommunen må følgje del III i forskrifta ved gjennomføring av konkurransen.

Uansett om kommunen hadde konkludert med at kvar skule skulle gjennomføre kjøp av desse tenestene kvar for seg, så ville resultatet blitt at kommunen likevel måtte konkurranseutsetje kjøpa, men då etter del I (innkjøp under EØS-terskelverdiane på *er lik* 100 000 kr. eller over) i forskrifta og ikkje del III (innkjøp over EØS-terskelverdiane).

Alver kommune har godt samarbeid med Dyrkolbotn Fjellstove og har hatt fleire samarbeidsmøte med leirskulen i samband med gjennomføring av anskaffingsprosessen. Fjellstova deler ikkje kommunen si oppfatning av behovet for å gjennomføre ein anskaffingsprosess for leirskuleopphald.

For å kvalitetssikre dei juridiske vurderingane i saka har kommunen fått ei ekstern juridisk vurdering av innhaldet i korrespondansen mellom kommunen og Dyrkolbotn Fjellstove samt ei vurdering av om andre unntak som ikkje er meldt, kunne gjere seg gjeldande. I svaret vart det konkludert med at lovforståinga til kommunen er korrekt og dei eksterne rådgjevarane har, til liks med administrasjonen, heller ikkje funne andre juridiske grunnlag for unntak frå konkurranseutsetjing av desse tenestene.

Konklusjonen frå ekstern juridisk rådgjevar ved HRP AS i høve til anskaffing er at Alver kommune må følgje regelverket for anskaffingar for gjennomføring av anskaffing om leirskuleopphald. Dette er i samsvar med dei vurderingar innkjøpsfageleg og juridisk kompetanse i Alver kommune har gjort. Uttale frå HRP AS følgjer ved saka.

Dersom avtalen med Dyrkolbotn Fjellstove blir sagt opp i desember 2024, vil eksisterande samarbeidsavtale kunne avsluttast før sommaren 2025.

#### Alternativ

Alver kommune kan ikkje gjennomføre ein anskaffingsprosess utan å først avslutte eksisterande samarbeidsavtale med Dyrkolbotn Fjellstove. Dette fordi det økonomiske tilskotet på 60 000 kr. vil gje Dyrkolbotn Fjellstove eit fortrinn i høve til andre deltakar i prosessen.

#### Økonomiske konsekvensar

Ei oppseiing av samarbeidsavtalen mellom Dyrkolbotn Fjellstove og Lindås kommune vil gje Alver kommune høve til å gjennomføre ein anskaffingsprosess i samsvar med gjeldande regelverk og slik etablere ein lovleg rammeavtale med potensielle tilbydarar. Alver kommune vil ha ein praksis i samsvar med lov og forskrift for offentlege anskaffingar.

Dyrkolbotn Fjellstove kan inkludere kompensasjon for dei 60 000 kr. i årleg tilskot som fell frå, i sats for leirskuleopphald ved deltaking i anskaffingsprosessen.

Organisasjonsmessige konsekvensar

Alver kommune startar opp igjen anbudsprosess for leirskuleopphald, med målsetjing om å ferdigstille denne i 2025, samt at kontrakt har oppstartstidspunkt frå og med 1.8.26.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til at Alver kommune går vidare med anskaffingsprosess for leirskuleopphald og at eksisterande samarbeidsavtale om leirskule mellom Dyrkolbotn Fjellstove og Lindås kommune blir sagt opp.